

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 06.12.2018

Røysting

Innstillinga pkt.1 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga pkt.2, 3 og 4 vart vedteken mot 5 røyster (H,Frp).

Vedtak

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Fylkesutvalet merkar seg at rapporten viser at nullvekstmålet er oppnåeleg for heile området. Dersom Bergen når målsetjinga om 20 % reduksjon i personbiltransporten innan 2030, vil ein nå nullvekstmålet for heile analyseområdet, sjølv med moderat vekst i omeignskommunane.
3. Fylkesutvalet vil framheve at nye investeringar aleine ikkje er nok for å nå nullvekstmålet, men at det må bli kombinert med restriktive tiltak knytt til parkering og bompengar. Fylkesutvalet vil også understreke at kompakt arealbruk og satsing på infrastruktur for kollektiv, sykkel og gange er naudsynt for å oppretthalde mobiliteten i befolkninga
4. Det er knytt vesentlege kostnader til investering og drift av kollektivsystemet for å handtere framtidig vekst i passasjertal. Fylkesutvalet peiker difor på at måloppnåing i høve til nullvekst i personbiltansporten berre kan realiserast dersom dei økonomiske rammene til drift og vedlikehald vert auka i tråd med kostnadsveksten.